



Arkivsaksnr.:  
2023/636

Dokumentdato:  
27.04.2023

Styre:  
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:  
20/23

Møtedato:  
09.05.2023

---

## Studiekvalitetsmelding for 2022, Det humanistiske fakultet

---

### Bakgrunn

I henhold til bestilling fra Studieavdelingen av 20.12.2022 (ePhorte 2022/17951) har Det humanistiske fakultet utarbeidet studiekvalitetsmelding for 2022. Meldingen er skrevet med bakgrunn i fakultetets utdanningsvirksomhet i 2022, studiekvalitetsmeldinger fra institutt og sentre samt oppfølgende dialogmøter med enhetene i mars/april 2023.

UiB sentralt har denne gangen lagt opp til en mer samlet prosess for studiekvalitetsmeldingen, med ny frist for innsending og opplegg for mer kortfattede meldinger fra fakultetene. Innmelding av planer om oppretting eller nedlegging av studietilbud er også tatt ut av selve studiekvalitetsmeldingen. Slike endringer vil meldes inn i en egen sak på et senere tidspunkt.

Frist for innsending av studiekvalitetsmeldingen for 2022 var 2. mai 2023. Meldingen er sendt inn med forbehold om endelig godkjenning i Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet.

### Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar studiekvalitetsmeldingen for 2022.

Camilla Brautaset  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør



# **STUDIEKVALITETSMELDING 2022**

---

**DET HUMANISTISKE FAKULTET**

# Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet – 2022

Studiekvalitetsmeldinga er utarbeidd på bakgrunn av meldingar frå alle institutt og senter, samt dialogmøte med einingane i mars/april 2023.

## Oppfølging av studiekvalitetsmeldinga frå 2021

### *Nye program*

Masterprogram i japansk er oppretta og lyst ut.

Det digitale, internasjonale masterprogrammet i Religiøse minoritetar hadde få søkjarar i 2021, då programmet vart lyst ut første gong. Då det viste seg at søknaden til programmet òg ved utlysing i 2022 var svært låg (2 søkjarar), blei det bestemt ikkje å ta opp eit nytt kull, men i staden arbeide med å justere programmet sitt format for å få betre studentgrunnlag. Dette er no gjort, og i 2023 vert studiet i staden lyst ut som enkeltemne som kan setjast saman til ein mastergrad.

### *Studentmedverknad*

HF har i 2022 halde fram med arbeidet for å styrke studentmedverknad og aktivitet i fagutvala ved institutta, og det lukkast å få starta opp igjen fleire fagutval som har vore i dvale. Fakultetet sentralt har i tillegg arbeidd for å få på plass felles retningsliner for fagutvalsarbeid for å gjere drifta mindre avhengig av engasjement frå enkeltmedlemmar. HSU (Humanistisk studentutval) fungerer svært godt no, og det er ei god kommunikasjonsline mellom fakultetsadministrasjonen og -leiinga og HSU. Ved hjelp av HSU er det rekruttert aktive studentrepresentantar i alle råd og utval der det er krav om det, og det stiller studentrepresentantar på seminar og i andre samanhengar der det er viktig at studentane kjem til orde. Studentane har vore representert i forprosjektet til Studieporteføljeprojektet og har kome med viktige innspel der. Det er òg arrangert fleire student-workshops i samband med revisjon av studietilbod, for å sikre eit solid studentperspektiv i prosessane. I samarbeid med Lektorsenteret er det gjort ei samkøyring av rutinar for dei ulike fagutvala knytt til lektorprogramma, og det er gjort viktige avklaringar opp mot det sentrale fagutvalet for integrert lektorutdanning (FIL).

### *UiB FRAM*

Dei to FRAM-pilotinstitutta har i 2022 planlagt og jobba med å implementere endringar i utdanningsopplegget for å sikre meir samanhengande tid til forskning. AHKR innførte blokkundervisning frå våren 2023, medan LLE går bort frå midtsemesterseksamen frå hausten 2023. Ordningane vil bli grundig evaluerte.

## Hovudkonklusjonar frå interne dialogmøte

Fakultetsleiinga har hatt dialogmøte med alle institutt og senter i mars/april 2023.

Gjennomføring på studieprogramma er ei sentral utfordring på HF, og dette blei drøfta på alle dialogmøta. Alle institutta er medvitne på dette og opptatt av forbetring, men manglar gode, målretta og berekraftige tiltak som vil fungere på lang sikt. Ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap håpar ein at omlegginga av studia som er gjort i samband med UiB FRAM vil gi

betre samanheng i studia og auka gjennomføring. Statusen som UiB FRAM-pilot har tydeleggjort samanhengen mellom forskings- og undervisningsverksemda ved instituttet, og tru på at ein god, samordna organisering av dei to kan gje betre resultat på begge områda.

På institutta med mange fagmiljø og program, blir studiekvalitetsarbeidet opplevd som stort og komplekst. Institutta melder og om at kravet om tydlegare arbeidslivsrelevans i studia er utfordrande å handtere. Reine praksistilbod er ressurskrevjande, og nokre institutt rapporterer om for liten kjennskap i fagmiljøa om kva som krevst i arbeidslivet utanfor akademien. Meir kontakt med og innspel frå eksterne avtakarar i utviklingsarbeidet er eit mål, men ein treng nokre ramar for å få det til. Dialogmøta vart òg nytta til å drøfte institutta sine syn på HF sin studieportefølje, korleis ein prosess for endring bør skje og kva som bør vektleggjast.

## **Gjennomførte og planlagde emne- og programevalueringar**

Med ein så stor portefølje som HF har, er evalueringsarbeidet svært omfattande. Interne evalueringsplanar ved institutta syt for at evalueringa skjer i tråd med studiekvalitetssystemet. I Studiekvalitetsdatabasen er det for 2022 registrert 268 dokument (eigenvurderingar, student-evalueringar, 3-årige emneevalueringar, 5-årige programevalueringar, fagfellerreportar og studiekvalitetsmeldingar). Vi veit at det finst fleire dokument og rapportar som ikkje er lasta opp enno. Dokumentasjonen av studiekvalitetsarbeidet i HF sin studieportefølje er stor og treng systematisk handtering. Ei enklare og meir oversiktleg teknisk løysing for opplasting, arkivering og utvalshandsaming av dokument og rapportar ville vore til stor hjelp i koordineringa og oppfølginga av studiekvalitetsarbeidet ved fakultetet. Ekstern fagfelle for lektorprogramma ved HF har levert rapport òg i 2022. Organiseringa av lektorutdanninga gjer til at denne rapporten må leggjast fram for seks ulike råd og utval, noko som fører til ein lang prosess.

I 2022 vurderte HF sin studiekvalitetskomité 14 5-årige programevalueringar (levte i 2021) for reakkreditering. For første gong vart eit studieprogram (bachelorprogram i arabisk) *ikkje* anbefalt reakkreditert. Institutt for framandspråk og fagmiljøet i arabisk var alt i gong med ein redesignprosess i samarbeid med UiB Læringslab då fakultetsstyret gjorde vedtak om manglande reakkreditering. Som konsekvens av manglande reakkreditering og pågåande redesignprosess søkte fakultetet om utsett opptak på bachelorprogrammet i arabisk for opptaket våren 2023. Dette vart ikkje innvilga og det vil, trass manglande reakkreditering på programmet, bli tatt opp studentar våren 2023. Dette har vore ei ny erfaring for både fakultetet og for UiB, og uklarheit rundt kva konsekvensar som skal følgje eit slik vedtak har vore årsak til uro og ekstra arbeid. Det kom uventa på HF at det skal takast opp nye studentar på eit ikkje reakkreditert program, og det er framleis tvil om korleis tiltak for forbedring av programmet skal handsamast og implementerast parallelt med mottak av eit nytt studentkull.

Hausten 2022 levte 9 nye studieprogram sine 5-årsevalueringar, og evalueringsarbeidet ved institutta held rutinemessig fram.

Bachelorprogrammet i italiensk var eitt av sju program ved UiB som vart bedne om å sende inn dokumentasjon på korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonen oppfyller gjeldande krav i lov og forskrifter då NOKUT i 2022 evaluerte UiB sitt studiekvalitetssystem. Dokumentasjons- og rapporteringsarbeidet var omfattande og kravde godt og tett samarbeid mellom SA,

studiekvalitetsansvarlege ved fakultetet, studieadministrasjon ved Institutt for framandspråk og sjølvstøtt italiensk miljøet sjølv. Det er mykje lærdom i slike prosessar, men dei er svært tidkrevjande. Det er interessant at UiB sitt kvalitetssystem fekk ei god førebels vurdering av NOKUT i utkast til innstilling, men at omfanget og kompleksiteten i det vart anbefalt vurdert med tanke på ei mogleg forenkling.

## **Fakultetet sine egne satsingar og prioriteringar innan utdanning og læringsmiljø**

HF har ein svært omfattande programportefølje, med disiplinbaserte program for alle fag, med stor fridom i emneval både innanfor og utanfor spesialiseringa (frie studiepoeng). Det er fleire utfordringar knytt til denne organiseringa, og programma er i liten grad rigga for tverrfaglege synergjar. Det er òg klart at fleire av programma slit med rekruttering og gjennomføring. Fakultetsstyret ved HF vedtok derfor i 2022 (sak 28/22) å setje i gang ei omlegging av studieporteføljen for å skape betre berekraft og rekrutteringspotensiale, og samtidig sikre både faglege og økonomiske mål. Med dette som bakteppe, har HF i 2022 gjennomført eit forprosjekt i ei arbeidsgruppe med medlemmar frå alle institutt under leiing av utdanningsdekan. Arbeidsgruppa leverte ein rapport med tilrådingar, som vart handsama av fakultetsstyret den 21/3-2023 (S 9/23). Fakultetsstyret slutta seg til tilrådingane i rapporten, som mellom anna inneber ei forenkling av programporteføljen ved HF og å oppretta fleire tverrfaglege studieprogram med ein klar arbeidsrelevans.

På program med få studentar kan det vere aktuelt å vurdere opptak annakvart år for å få større studentkull med betre potensiale for eit levande studiemiljø og betre gjennomføring.

HF har i dei seinare åra sett av midlar i budsjettet til eigen utdanningsatsing. I 2022 blei det sett av éin million. 615 000 kr av desse blei øyremerkte tilsetting av undervisningsassistentar som har tilbydd læringsaktivitetar for auka studentaktivitet og tilbakemeldingar, i tillegg til det som ligg i emneplanane. Saman med dei sentrale pandemimidlane som kom i 2022, har dette gitt rom for å følgje studentane ekstra godt opp etter ein periode med mykje digital undervisning og lite individuell oppfølging og studentkontakt.

HF treng oppgradering av studentareala, og ser fram til at det nye HF-bygget skal betre det fysiske læringsmiljøet, og auke studentaktiviteten på HF-campus. I tida før bygget står ferdig, gjer ein tiltak i mindre skala for å betre tilhøva for fagleg og sosial aktivitet på Sydneshaugen skule.

## **Fakultetet sitt arbeid med kvalitetsutvikling i utdanning og studentaktiv læring**

Innhaldet i studieprogramma ved HF er i stadig utvikling. Endringar som følgje av studentevalueringar, rapportar frå eksterne fagfellar og internt initierte revisjonsprossessar er eit kvalitetsutviklingsarbeid som går føre seg heile tida. Både instituttvise undervisningsforum og HF sitt felles digitale undervisningsforum bidreg til erfaringsdeling i utviklingsarbeidet.

Førebels har eitt studieprogram (engelsk) ved HF gjennomført ein redesign, og det redesigna programmet hadde oppstart haust 2022. To andre studieprogram (arabisk og religionsvitenskap) har òg starta opp redesignprosess i 2022. Fleire administrative medarbeidarar har vore involverte i å

arrangere student-workshops for å sikre brukarperspektivet i redesignen. Ein er framleis i ein fase for å finne den rette arbeidsforma for redesign og balansere ressursbruken.

Spurveugleprisen er HF sin pris for utdanningskvalitet, og er eit viktig innslag i fakultetet sitt kvalitetsutviklingsarbeid. Den blei i 2022 tildelt forskargruppa Visuell kultur ved Kunsthistorie for arbeidet med Museologifestivalen. Dette er eitt av fleire tiltak for å inkludere museologiske perspektiv i utdanninga i kunsthistorie, og legg til rette for aktive møte mellom studentane og aktørar i kunst- og kulturfeltet.

HF arrangerte to digitale undervisningsforum i 2022: eitt om digitalisering og studentaktive læringsformer, og eitt med fokus på masterrettleiing – særleg på synergjar mellom seminarrettleiing og individuell rettleiing. HF sitt undervisningsforum har etablert seg som ein fast post på semesterplanen, og bidreg til verdifull erfaringsutveksling og kvalitetsutvikling på tvers av institutta.

### **Studentane si moglegheit til å velje emne frå fleire fagområde og arbeid med utvikling av studieprogram på tvers av fagmiljø og fakultet**

Dei fleste av HF sine studieprogram er disiplinbaserte, med 60 frie studiepoeng der studentane står fritt til å velje emne frå andre disiplinar og fakultet. Så snarare enn å arbeide for valfridom, er HF si utfordring å arbeide for meir konkretiserte retningar innanfor den store valfridomen og å synleggjera heilskapen i studieprogramma. Dette er òg noko som vil vere tema i Studieporteføljeprojektet.

Når det gjeld tverrfaglege studieprogram, har HF starta arbeidet med å få etablert eit tverrfakultært bachelorprogram i PPE – Philosophy, politics and economy (norsk FPØ). Programmet skal eigast av HF v/Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, medan SV v/Institutt for økonomi og Institutt for samanliknande politikk skal bidra inn i samarbeidet. Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå alle involverte institutt er i gang med å utvikle forslag til modell for oppbygging av programmet.

Det tverrfakultære programmet Master i berekraft tok i 2022 opp sitt andre kull, og det møtte 24 nye studentar: 12 på studieretning *Globale samfunnsutfordringar*, 7 på studieretning *Klimaendringar og energiomstilling* og 5 på studieretning *Marin berekraft*. Det første kullet avsluttar studiet våren 2023, og det er i 2022 gjort eit viktig arbeid for å førebu sensur av tverrfaglege masteroppgåver.

### **Fakultetet sitt arbeid for betre kontakt mellom studentar og arbeidslivet, og for større medvit hjå studentane om kva utdanninga kan brukast til**

HF-utdanning er arbeidsrelevant, men studentar og potensielle søkjarar er ikkje nok medvitne om det. Kontakt og samarbeid med arbeidslivet for tydelegare kommunikasjon av utdanninga si relevans vil stå sentralt i fakultetet sitt studieporteføljeprojekt, men òg å arbeida for å synleggjera arbeiderrelevansen i studieprogramma. HF har i 2022 òg utarbeidd ein rekrutteringskampanje der hovudbodskapen er at *HF opnar dører* i arbeidslivet.

Praksistilboda til HF-studentane blir òg stadig fleire. I tillegg til praksistunge tilbod som lektorutdanninga og arkeologiprogramma, har IF, LLE, AHKR og SVT praksisemne knytte til ulike bransjar eller felt. I 2022 gjennomførte 47 studentar eit praksisemne ved HF. Studentgrunlaget er større, men

praksisemna er driftstunge og ein må setje tak på studenttalet. Jobbskygging vart reintrodusert ved SKOK våren 2022 for å styrkje kontakt mellom studentar og arbeidslivet. Fire studentar var på jobbskygging i 2022.

I Studentbarometeret skårar HF sine program jamt over dårleg når det gjeld kontakt med arbeidslivet og opplevd arbeidslivsrelevans. Dette gjeld òg profesjonsorienterte studium som til dømes lektorprogramma. HF har saman med institutta gått inn i dei konkrete spørsmåla studentane vert stilte om dette, og ein ser at tydelegare definisjon av den allereie etablerte yrkesrelevansen og arbeidslivskontakten i studia vil kunne endre resultatet i barometeret betydeleg.

### **Fakultetet sine tankar rundt utveksling - legg studentutveksling til rette for fagleg breidde eller er det spesifikke krav til emne studentane må ta under utveksling?**

Dei langt fleste HF-studentar som drar på utveksling, tar frie studiepoeng. For desse studentane er utvekslinga ei strålande moglegheit til å skape ei unik fagleg breidde i, eller ei unik spissing av, graden. For studentar som tar utveksling som ein del av spesialiseringa, er det krav til at emnet skal erstatte innhaldet i UiB-emnet dei byter ut. Det er faglege tilhøve som avgjer kor strengt dette må handhevast. I program utan frie studiepoeng (lektorprogramma) avheng utveksling av ei pragmatisk praksis, og den verdifulle erfaringa utvekslinga utgjør i seg sjølv må takast med i reknestykket, samstundes som det faglege innhaldet i graden må vere på plass.

Utvekslingsaktiviteten på enkelte av institutta ved HF er framleis for låg, og tilbakemeldingar frå studieadministrasjonen på institutta er at årsaka til dette ikkje er knytt til faglege spørsmål, men til ei oppfatning av at ein må gjennom ein svært komplisert administrativ prosess før ein kan reise ut.

### **Fakultetet sitt arbeid med å innlemme studentane i forskingsarbeid og med å utdanne fleire kandidatar på masternivå**

HF har god rekruttering til master, og lukkast i stor grad med å rekruttere eigne bachelorkandidatar direkte vidare til masterprogramma. Dei fleste masterprogramma ved HF har masteroppgåver på 60 studiepoeng (med unntak av filosofi, med valbar 30 studiepoengsoppgåve, og 45 på erfaringsbasert master i engelsk), og oppgåvene ligg i grenselandet mellom studiar og forskning. Prinsippet om forskingsbasert undervisning står sterkt på masternivået, og masterstudentar får undervisning i forskingsmetodar og forskningsetikk. Nokre program (t.d. kunsthistorie) legg opp til at masterstudentar kan få delta i forskingsprosjekt, medan andre (t.d. filosofi) inkluderer masterstudentane i ulike aktivitetar i forskingsgruppene på faget.

### **Redesignprosessen for lektorutdanninga**

HF har åtte fagmiljø som er involverte i lektorutdanninga, fordelt på alle institutta ved fakultetet. I redesignarbeidet har det vore viktig å involvere alle faga, sørge for god informasjon i alle ledd og skape eit felles eigarskap til prosessen - både i dei disiplinifaglege miljøa, bland didaktikarane, i instituttleiingane og i studieadministrasjonen på institutta. Det har vore viktig at fakultetet som koordinerande eining med ansvar for heilskapen i det omfattande lektortilbodet ved HF har vore

kopla på heile tida, særleg i innspels- og høyringssamanheng. Omsynet til plasseringa av ex.phil. har vege tungt i val av modell for HF og SV, og HF arbeider no med å finne løysingar for å handtere konsekvensane av det, og implementere modellen på ein god måte. Eit viktig utgangspunkt er å få etablert ei felles forståing av kva rammer modellen legg for det disiplinfaglege innhaldet i programmet. Fakultetet er, i samarbeid med Lektorsenteret, no i god dialog med institutta og lektorprogramstyra ved HF om dette.

## Studiekvalitetsmelding for AHKR 2022

### Undervisningssatsing og retur til campus

Etter to år med nedstenginger og begrenset fysisk aktivitet på campus har 2022 vært året da vi forsøkte å gjenopprette rammer og aktiviteter slik de fungerte i normalårene før pandemien. For instituttet har det vært en prioritet å arbeide aktivt for å gjenopplive de gode faglige og sosiale rammene for en vellykket studietilværelse. Gjennom året har det derfor vært søkelys på å få studentene og ansatte tilbake på campus og gjenetablere gode rutiner for interaksjon, samarbeid og tilstedeværelse. Instituttets infrastruktur fordelt på fire bygg og mange etasjer har gjort denne prosessen ekstra utfordrende, spesielt siden det nesten ikke er rensykkede studentarealer i disse byggene. Gjennom pandemimidlene har AHKR valgt å satse primært på faglig-sosiale tiltak som bygger opp under en studiehverdag der fysiske møter er normen. Samtidig tar vi med oss lærdommen med bruken av digital læringsplattformer fra pandemiårene og fortsetter å bruke de metodene som fungerte bra. For en del av våre yngre og nye studenter har både videregående opplæring og starten av universitetstiden vært preget av nedstengingen under pandemien, og vi har derfor hatt et ekstra fokus inn mot denne gruppen studenter. Tilleggsressurser i form av undervisningsassistenter har derfor primært vært brukt på innføringsemner og emner på 100-nivå. Fagutvalgene har fått større tildelinger enn i normalår, og har blant annet arrangert flere faglig-sosiale aktiviteter, som quiz, kinokveld, og fagsamlinger. Vi opplever at studentaktiviteten har økt gjennom året i tråd med disse tiltakene.

### Studiepoengproduksjon ved AHKR 2022

I 2022 opplever AHKR en ventet nedgang i studieproduksjonen. Etter svært høye tall i pandemiårene, til dels på grunn av eksamensordninger som skriftlig skoleeksamen hjemme, ser vi nå en normalisering av studiepoengproduksjonen. Arkeologi øker i produksjonen, mens kulturvitenskap holder det samme nivået som foregående år og historie og religionsvitenskap opplever en nedgang i studiepoengproduksjonen.

På grunn av de ekstraordinære omstendighetene knyttet til både rekruttering og eksamensgjennomføring i pandemiårene 2020 og 2021, er det også naturlig å se på tallene fra 2019 som et korrektiv. Som det kommer frem i tabell 2, ligger instituttet overordnet på linje med studiepoengproduksjonen i 2019. Også sett i forhold til 2019-tallene ser vi en nedgang i antall produserte studiepoeng på religionsvitenskap og historie.

*Tabell 1. Studiepoengproduksjon for 2022, inkludert tverrfaglige emner, EVU og fagdidaktiske emner (lektorprogrammet og PPU). Tall fra FS.*

Fag	2021		2022	
	Stp	60-enheter	Stp	60-enheter
Tverrfaglige emner og EVU	990	17	880	15
Arkeologi	5585	93	6430	107
Historie	25278	421	22025	367
Kulturvitenskap	5700	95	5565	93
Religionsvitenskap	9215	153	6893	115
Totalt AHKR	46768	779	42408	707

Tabell 2. Studiepoengproduksjon for 2022 sammenliknet med 2019.

Fag	2019		2022	
	Stp	60-enheter	Stp	60-enheter
Tverrfaglige emner og EVU	805	13	880	15
Arkeologi	4605	77	6430	107
Historie	23608	394	22025	367
Kulturvitenskap	3800	63	5565	93
Religionsvitenskap	8528	142	6893	115
Totalt AHKR	41345	689	42408	707

### Emne- og programevalueringer gjennomført i 2022

Student-emneevalueringer er gjennomført i henhold til fagenes evalueringsplan, og gjengitt i egenreviseringsrapportene til de emneansvarlige.

Bachelorprogrammene i historie og religionsvitenskap har gjennomført den 5-årige programevalueringen som et ledd i studiekvalitetssystemets reakkrediteringsprosess. Rapportene er nå til behandling hos Studiekvalitetskomiteen. De eksterne fagfelle for historie og religionsvitenskap har vært delaktige i dette arbeidet, og rapportene de leverte høsten 2022 har vært et viktig ledd i programevalueringen for begge fag. For religionsvitenskap vil funnene i rapporten være et viktig grunnlag for arbeidet med en større gjennomgang og revisjon av emneporteføljen, som er planlagt for 2023.

Den eksterne fagfellen for kulturvitenskap har også levert rapport i 2022. Kulturvitenskap gjennomførte i tillegg en større intern evaluering av masterprogrammet sitt.

### Studieplansendringer og FRAM

Som et ledd i arbeidet med å legge opp til mer sammenhengende forskningstid og som pilotinstitutt for UiBFRAM, har historiefaget gjort markante endringer i undervisningsrekkefølgen for bachelorprogrammet i historie. Programmet går fra våren 2023 over til en blokkmodell med to emner på 15 studiepoeng som tas etter hverandre hvert semester på 100- og 200-nivå. Samtidig byttes rekkefølgen på emnene, slik at studenter begynner med oversiktsemner i både eldre og nyere historie før de setter i gang med fordypningsemner. På denne måten for bachelorprogrammet en tydelig, koherent profil (introduksjonsemne, oversiktsemner, fordypningsemner, spesialiseringsemner, og dessuten eldre historie før nyere historie). Vi mener at denne profilen vil gjøre det lettere for studentene å se en tydelig progresjon i studiet, og håper samtidig at det vil ha positive utslag for gjennomstrømming.

Arkeologi har praktisert blokkundervisning fra tidligere, men har gjennomført revisjoner av emnene for å tydelige oppbygging og forenklet timeplan for undervisningen.

Kulturvitenskap har også gått over til blokkundervisning, både i bachelorprogrammet og masterprogrammet. Dette har medført justeringer i emnebeskrivelser og obligatoriske aktiviteter.

Religionsvitenskap planlegger en større revisjon av emneporteføljen i 2023. Målet er å slanke porteføljen, spesielt av fordypningsemner, og samtidig koble fordypningsemnene tettere på staben, som har gjennomgått utskiftninger de siste årene gjennom avganger og nyansettelser.

### Redesign av lektorutdanningen

Arbeidet med redesign av lektorutdanningen har stått sentralt for instituttet i 2022. Programstyret for lektorutdanningen ved AHKR, utvalg for undervisning- og internasjonisering (UUI), fagkoordinatorer og ledergruppen har hatt saker knyttet til redesignprosessen oppe til drøfting gjennom hele året. Gjennom drøfting i utvalg har det også vært sentralt for AHKR at instituttets lektorstudenter blir innlemmet i arbeidet og får bidratt med sine synspunkt. I tråd med at forslagene for redesign ble mer konkrete, har representanter for historie og religionsvitenskap utviklet egne modeller for å vurdere hvordan instituttet kan rigge et best mulig tilbud til lektorstudentene i flere av de foreslåtte modellene. Dette arbeidet vil fortsette og videre konkretiseres i 2023 når en modell er valgt.

### Arbeidslivsrelevans og praksis

AHKR tilbyr emnet AHKR201: Praksis i arbeidslivet. Her kommer studentene i kontakt med aktuelle arbeidsgivere innenfor kultur-, museums- og universitetssektoren og får prøvd seg ut i arbeidslivet som en integrert del av studiene. Instituttet opplever økt etterspørsel og interesse for emnet, både fra samarbeidspartnere og fra studenter. Videreutviklingen av emnet med nye samarbeidspartnere og god rekruttering av studenter har vært et fokusområde for instituttet i 2022, og det er ønskelig å ekspandere emnet videre innenfor de ressursmessige rammene til instituttet.

Videre er det viktig å påpeke at studieprogrammene i arkeologi utdanner studenter til et spesifikt yrke. Andelen praksisemner i studiet har økt med opprettelsen av ARK105 og ARK216. I tillegg har fagmiljøet inngått nye hospiteringsavtaler som studenter i 2022.

### Internasjonisering og utveksling

Økt oppslutning knyttet til studentutveksling har vært et fokusområde for instituttet i flere perioder og over mange år. I etterkant av pandemien har instituttet likevel primært fokusert på å gjenoppbygge en god studiehverdag lokalt. For 2023 foreligger det konkrete planer om en økt satsing på studentutveksling, blant annet gjennom en delegasjonsreise til Berlin og Leipzig med fire studentambassadører, som har som mål å fremme utvekslingsaktivitet både for historiefaget spesifikt og for instituttet som helhet.

I 2022 gjennomførte instituttet igjen emnene AHKR210/215 ved Det norske institutt i Roma, der en gruppe på 11 studenter studerte det antikke Roma gjennom forelesninger, byvandring og utforskning av ruiner. I tillegg til dette ble emnet ZOR201 gjennomført i samarbeid med SOAS, også ved Det norske institutt i Roma.

# Studiekvalitetsmelding

## Institutt for fremmedspråk

### mars 2023

I tråd med kravene i UiB sitt kvalitetssystem for utdanning, presenterer Institutt for fremmedspråk med dette årsrapport for 2022. Årsrapporten begynner med svar på punktene bestillingen fra fakultetet ba oss løfte frem om studentaktiv læring, arbeidslivsrelevans, utveksling, forskningsarbeid og gjennomføring på MA-nivå, og arbeid med redesign av lektorprogrammet. Etterpå kommer korte oppsummeringer av egenvurdering av studieprogram ved instituttet og plan for oppfølging av de enkelte programstyrene sine rapporter for de ni språkfagene ved IF.

#### Arbeid med studentaktiv læring

Flere studieprogram har innført studentaktiv læring. En viktig pådriver ved redesign av bachelorprogrammet i engelsk var ønsket om mer studentaktiv undervisning og flere og varierte arbeidskrav. Det første redesignete emnet, ENG122, ble tilbudt høsten 2022 og har studentaktiv læringsform som hverandrevurdering, muntlig presentasjoner med responser til disse. Alle deler av bachelorprogrammene i fransk og japansk har nå studentaktiv læring og omvendt undervisning som grunnprinsipp. Generelt er studentaktiv læring viktig i språkfag ettersom aktiv, muntlig bruk av fremmedspråket er en forutsetning for å opparbeide kompetanse i det.

Tradisjonen tro arrangerte IF også i 2022 månedlige temamøter for alle ansatte. Vi hadde tre temamøter som på ulike måter var knyttet til undervisning og læringsmiljø: I februar inviterte vi UiB Læringslab til å komme og forklare hvilket omfang ECTS-studiepoeng faktisk har for studenter når det gjelder antall studietimer i tillegg til forelesninger/undervisning. Temamøtet i august handlet om det brede kurstilbudet ved UPED, ved Robert Gray fra Institutt for pedagogikk, og med påfølgende diskusjon. Møtet i november dreide seg om veiledning av MA- og PhD-studenter, der dyktige, erfarne veileder fra egne rekker innledet til diskusjon.

#### Arbeid med bedre kontakt mellom studenter og arbeidslivet, og større bevissthet hos studenter om hva utdanningene kan brukes til

Emnet FRANPRAX – Praksis i bokindustrien, skal synliggjøre den faglige kompetansen franskstudiet gir i praksis ved aktuelle institusjoner og virksomheter innenfor bokindustrien. I 2022 hadde FRANPRAX studenter praksis ved Fika(s) skandinavisk kulturfestival (Montreal), Litteraturhuset (Bergen) samt deltok i oversettelses arbeid av dikt fra norsk til fransk.

Emnet SAP100 - Språkstudenter i arbeidspraksis, er et tilbud til alle språkstudenter ved instituttet. Gjennom forelesninger, nettsamlinger og praksis setter emnet fokus på forskningstilnærminger til profesjonspraksis, interkulturell kommunikasjon og kompetanse, samt hvordan presentere seg selv i en CV.

Vi videresender informasjon til studentene om jobbsøkerkurs, praktikantstillinger og lignende via studieprogram- og instituttsidene i Mitt UiB. Fagkritisk dag er også anledning til å sette fokus på arbeidslivsrelevans. På bestilling fra fagutvalget for engelsk, deltok engelsk fagmiljøet i 2022 med et opplegg om karrierer innen forskning og administrasjon som er mulig med engelskutdannelse. Lærernes dag er også en anledning til å profilere samfunns- og arbeidslivsrelevansen av forskning gjort ved IF. I 2022 var IF representert med 4 innlegg.

Vi har lest Innstilling fra sakkyndig komité for tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Universitetet i Bergen. Et av NOKUTs forslag til forbedring er at UiB styrker innspill fra samfunns- og arbeidslivet i kvalitetssystemet. Vi er åpne for inkludering av representanter fra samfunns- og arbeidslivet i studiekvalitetsprosessene på instituttnivå og ser hvordan dette kan bidra til å styrke arbeidslivsrelevans av våre studieprogram og bedre kommunisere denne relevansen til våre studenter.

I forbindelse med redesign-prosessen på arabisk har vi vært i kontakt med både UiB Videre og Sammen Karriereveiledning for å få innspill og idéer til hvordan vi kan utvikle treffsikker kontakt med relevante, lokale arbeidsgivere. Kunnskap og erfaring fra denne prosessen vil kunne bli nyttig for flere fag i fremtiden.

### Utveksling som et viktig verktøy for språkfag

Utveksling er et viktig verktøy for våre studenter til å bli dyktigere på fremmedspråket de studerer, samt til å ta emner innen temaområder vi selv ikke har mulighet til å tilby. Studenter på våre bachelorprogrammer pleier å ta frie studiepoeng mens de er på utveksling i 5. og/eller 6. semester. Lektorstudenter som vil på utveksling, reiser som oftest i 4. semester og må erstatte emner innen fag 2 på læresteder de reiser på utveksling til. Arbeidet med den faglige godkjenningen for erstatningsemner er krevende, og vi derfor jobber med å få avtaler på plass som er bedre tilrettelagt for disse lektorstudentene. Bachelorprogrammet i japansk har ett års utveksling som en obligatorisk del av BA-programmet, der studenter tar valgfrie emner mens de er på utveksling.

Vi også har korttidsopphold i utlandet knyttet flere emner ved IF. I vårsemesteret får studenter ved ENG125 (Britisk litteratur og kultur) tilbud om et to ukers studieopphold ved Studiesenteret i York. Om våren, får studenter ved FRAN121, FRAN122, FRAN621 og FRAN622 (emner i fransk grammatikk og fransk litteratur) tilbud om et fire ukers opphold ved Det fransk-norsk studiesenteret i Caen. RUSPZ132 (russisk språk og kultur) er et emne som i sin helhet avvikles i utlandet, vanligvis ved Det lingvistiske senter ved Petrozavodsk statsuniversitet, Russland. Grunnet krigen i Ukraina, måtte undervisningen høsten 2022 flyttes til Multilingua Keelekeskus/Language Center i Tallinn, Estland. Tyskfag på 100-nivå om våren tilby et opphold på tre uker ved Det tysk-norske studiesenteret ved Universitetet i Kiel. KFK emnene i spansk og tysk også tilby en ukes opphold henholdsvis i Granada og Berlin. Mot slutten av 2022 søkte fagmiljøet i italiensk om å gjøre Erasmus+ BIP (Blended Intensive Program) til en integrert del av emnene ITAL203 og ITAL301 (emner i italiensk språk, språkhistorie og språkvariasjon). Søknaden ble innvilget og studenter deltok allerede fra våren 2023.

Over de siste fire årene har i gjennomsnitt 38% av de med oppnådd bachelorgrad på våre 9 bachelorprogrammer vært på utveksling:

#### *Kvalifikasjoner og utveksling BA-programmer ved IF (STAR studieprogramledere rapport)*

	Antall kvalifikasjoner	Antall med utveksling	% antall med utveksling
<b>2019</b>	63	29	46%
<b>2020</b>	90	49	54%
<b>2021</b>	85	22	26%
<b>2022</b>	61	14	23%
<b>SUM</b>	<b>299</b>	<b>114</b>	<b>38%</b>

## Arbeid med å innlemme studentene i forskningsarbeid og utdanne en større andel kandidater på masternivå

Fagmiljøet i japansk har i 2022 fornyet bachelorprogrammet og introdusert to 5-poengsemner med fokus på forskningsfeltet Japan-studier. Behovet for etableringen av slike emner ble uttrykt av fagmiljøet i den siste 5-årige evalueringen på programmet, og iverksettingen planlegges startet fra høsten 2023. Dette gjøres for å sikre en gradvis progresjon i akademiske ferdigheter frem mot bacheloroppgaven og deretter nytt MA-program, som også tar til høsten 2023.

Flere masterprogrammer ved IF, bl.a. engelsk (inkludert erfaringsbasert), fransk og spansk, har emner i forskningsmetoder som er obligatoriske for de respektive programmene og gir studentene et praktisk og teoretisk grunnlag for selvstendig forskningsarbeid innen disiplinene. I tilknytning til masteroppgaven på engelsk holdes tre "Work in progress"-seminarrekker (ett for litteratur, ett for lingvistikk og ett for didaktikk).

## Hvordan arbeider dere med redesignprosessen for lektorutdanningen?

IF har fire språkfag involvert i lektorutdanningen: engelsk, tysk, fransk og spansk, og er representert i arbeidsgruppen ved Sigrid Ørevik fra engelsk. I november hadde vi en runde via UUI der de fire fagmiljøene ble bedt om å spille inn synspunkter til instituttet til forslaget om ny modell. Tidlig i 2023 har vi hatt et dialogmøte, der alle fire fag har vært involvert.

Det er utfordrende organisatorisk å hele fire fag representert, uten et samlende programstyre for alle fire. Instituttet har derfor bestemt å opprette et slikt fellesorgan for fremtiden.

## Status og planer for EVU-tilbudet

IF har et betydelig undervisningstilbud innen etter- og videreutdanning, i tråd med prioriteringen uttrykt i Handlingsplanen for EVU. Tilbudet genererer store inntekter for fakultetet og den gode studenttilstrømmingen det fører med seg er viktig og inspirerende for fagmiljøene. Foruten to betalingsemner i arabisk, har vi seks Kfk-emner (videreutdanning for lærere) og en rekke fjernstudieemner på 100-nivå i flere språkfag (fransk, italiensk, spansk og tysk). I tillegg har vi et erfaringsbasert masterprogram i engelsk som er omtalt nedenfor under engelskfaget. Mange av EVU-ernene våre evalueres, og vi jobber med å få på plass mer systematiske rutiner for dette.

I 2022 startet vi en gjennomgang av EVU-tilbudet ved instituttet med sikte på å finne en modell som er bærekraftig. Vi har inngått et samarbeid med UiB Videre, som gir oss god informasjon om muligheter, restriksjoner og finansieringsmodeller. Et planlagt tiltak er å få opptak til fjernstudieemnene til å gå gjennom Samordna opptak. Tallmateriale for EVU-ernene finnes i vedlegget.

## Vurdering av og plan for oppfølging av programstyrene sine egenvurderinger

### ARABISK

#### Vurdering av egenvurdering BA i arabisk

	2022	2021	2020	2019
Aktive studenter	36	43	46	36

Faget har god studenttilstrømming, og evalueringene særlig på 200-emnet er positive. Studentevalueringer viser at studentene har ulike forventninger til emnene generelt, noe som trolig henger sammen med deres ulike bakgrunner. Mange studenter ønsker mer tid på eksamen.

